

Ikenberget 2 Fellesareal
 (Org. nr. 990 862 788, gnr. 137, bnr. 659 i Lindås kommune)
 v/leiar Øystein Rambjørg
 Brørakastet 63 A
 5911 ALVERSUND

Alver 17.06.2015

Lindås kommune, Areal- og miljøeininga
 Byggjesak og oppmåling v/tilsynsleiar byggjesak
 Kvernhusmyrane 20
 5914 ISDALSTØ

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
22. 06. 2015	
Ark. boknr. 15/1474	L. nr.
Saksnr.	Tilvengjebda

Dykkar ref.: 15/1474 – 15/21228

Vedrørende ferdigattest for fleirbustad på gnr. 137, bnr. 659.

Me syner til Dykkar svarbrev datert 05.06.2015.

Styret leitar framleis etter dei fleirbustadene, som De så bestemt meiner skal eksistera på fellesarealet vårt. Me kan jo ikkje vera så dårlege til å leita. Desse byggverka må jo eksistera sidan kommunen etter synfaring sommaren 2013 og i det motteke svarbrevet framleis meiner at ferdigattesten er rett utstedt, samt at den no og gjeld for fleire fleirbustader utanom fellesarealet.

Sidan me framleis ikkje har funne nokon fleirbustader inne på fellesarealet, og dei fleirbustadane De syner til har fått utstedt egne ferdigattestar i egne saker, så ber me på ny om at kommunen snarast syner oss kor hen desse byggverka på fellesarealet er, slik at vi kan få starte med forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av dei. Som eigedomseigar er det m.a. vår plikt å halde byggverka på eigedomen i forsvarleg stand.

Kommunen syner også i sitt svarbrev til at ferdigattest for alle bygga er ført på gnr./bnr. til fellesarealet. **Dette er positivt feil!** Bustadene, som ligg inntil fellesarealet, har fått utstedt igangsetjingsløyve og ferdigattest, men på det gnr./bnr. som eigedomen dei står oppført på har no. Dette kan me om naudsynt dokumentera om Lindås kommune ikkje har såpass orden i sitt saksarkiv at De ikkje har funne desse dokumenta enno. Me vil difor framleis hevde at De tek feil og at ferdigattesten i saka på fellesarealet er desse bygga uvedkomande.

Dersom ikkje kommunen kan syna/finne for oss dei byggverka, som De så hardnakka framleis hevdar står oppført på fellesarealet, innan rimeleg tid og seinast innan **15. juli 2015**, så forventar sameiget at Lindås kommune stadfestar at fleirbustadene på fellesarealet på gnr. 137 bnr. 659 ikkje eksisterer, samt at kommunen på bakgrunn av det og feil i kontrollerklæringane frå dei kontrollerande føretaka for utføringa av tiltaket på fellesarealet, omgåande trekkjer attende ferdigattesten av 27.03.08, som kommunen på feil grunnlag har gjeve for fleirbustad på eigedomen tilhøyrande fellesarealet.

Sameiget ber difor om snarleg handsaming av saka og at kommunen tek kontakt med leiar for å avtale tid for ei eventuell synfaring.

Med venleg helsing

Øystein Rambjørg

Øystein Rambjørg
 Leiar

Arvid Johannesen
 Styremedlem

Arvid Johannesen

Kopi:

Ordføraren i Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ